



## RÅDSMEDLEMMENE OG RÅDMANNSFORUM

### INNKALLING TIL MØTE I HARDANGERRÅDET

Dato: Mandag 16.09.2019

Klokka 09.00 – 15.00

Stad: Brakanes Hotel, Ulvik

Møteplanen for Hardangerrådet godkjent 13.09.2018 gjeld som møteinnkalling.

#### Agenda:

09.00 – 12.00 Sakshandsaming

12.00 – 13.00 Lunsj

13.00 – 15.00 Sakshandsaming

#### Saker til handsaming:

- HR-sak 31/19 Saker innmeldte ved starten av møtet.  
Vert tatt opp under sak 39/19.
- HR-sak 32/19 Meldingar
- HR-sak 33/19 Val av interimsstyre for vidare utgreiing av mogelege modellar for regionalt samarbeid mellom Hardangerkommunane.
- HR-sak 34/19 Plan for arbeid med utforming av strategidokument og selskapsavtale.
- HR-sak 35/19 Hardingtinget 2019.
- Endring av dato
  - Fastsetjing av program
- HR-sak 36/19 Spleiselag for Turistbåtruta på Hardangerfjorden
- HR-sak 37/19 Mitt yrke-unge gründere-serien/ Gründer i Hardanger  
Søknad om støtte
- HR-sak 38/19 Møteplan for Hardangerrådet 2020.
- HR-sak 39/19 Orientering- og drøftingssaker.

Forfall må meldast Hardangerrådet v/Trude Rinaldo tlf 53 67 14 50  
Varamedlemmene møter etter særskild innkalling.

Kinsarvik 9. september 2019

Hans Petter Thorbjørnsen/s  
Rådsordførar

Jostein Eitrheim  
Dagleg leiar



Møtedato 16.09.2019

Saksansvarleg Jostein Eitrheim

**HR-sak 33/19 Val av interimsstyre for vidare utgreiing av mogelege modellar for regionalt samarbeid mellom Hardangerkommunane.**

**Saksutgreiing:**

Etter at Hardangerrådet i 2018 utarbeidde og godkjende ny selskapsavtale vart denne sendt til fellesnemnda i Voss herad saman med invitasjon til å slutta seg til Hardangerrådet som medlem frå 2020.

Voss herad takka nei til denne invitasjonen og Hardangerrådet stod med det utan godkjend selskapsavtale frå 01.01.2020.

For å gje seg meir tid i arbeidet med å utarbeida ny selskapsavtale gjorde Hardangerrådet i sitt møte 14.03.2019 i sak 10/19 vedtak om dagens selskapsavtale skal gjelda også for året 2020.

**Vedtak:**

*Hardangerrådet tilrår at rådet vert vidareført slik det er i dag for året 2020. Ullensvang kommune og Voss herad overtek eigarskapet i Hardangerrådet som Jondal, Odda, Ullensvang og Granvin har i dag.*

*Det vert sett ned eit interimstyre som har som oppgåve å utgreia samarbeid/samarbeidsform i regionen etter 2020. Interimstyret skal invitera til eit breitt samarbeid med regionane kring oss.*

*Hardangerrådet ber om at fellesnemnda i Voss herad og Ullensvang kommune gjer vedtak om å overta dei tidlegare kommunane sine rettar og plikter i Hardangerrådet for 2020.*

*Oppseiingsfrist frå Hardangerrådet iks vert endra frå 8 mnd til 6 mnd.*

For å starta arbeidet med å utgreia mogelege modellar for framtidig regionalt samarbeid i Hardanger er det vedteke at ein skal velja eit interimstyre til å leia denne prosessen.

**HR-sak 20/19 Etablering av interimsstyre for vidare arbeid med regionalt samarbeid for Hardangerregionen.**

*All kontakt frå Hardangerrådet må skje på regionrådsnivå. Naturleg at Sogn regionråd, Voss, Vaksdal saman med Hardangerrådet dannar eit interimsstyre for å sjå nærare på kva tema som kan vera aktuelle for samarbeid.*

*Sidan Odda kommune ikkje er representert i møtet vert saka teken opp att i neste rådsmøte.*

Som det framgår av vedtaket i HR-sak 20/19 ser ein føre seg ein brei prosess der dialog med omkringliggjande kommunar og regionråd. Det må gjerast vurderingar av grunnlag for temasamarbeid og samarbeid om enkeltsaker mellom regionråd utan at dette skal bety strukturelle endringar eller samanslåing av regionråd. Slike samarbeid vert del av grunnlaget for ny selskapsavtale og strategiplan for det nye Hardangerrådet.

Saka vart også drøfta i rådsmøtet 13.06.2019 i sak 28/19 utan at ein gjorde vedtak vedr. val av interimstyre.

**HR-sak 28/19 Val av interimsstyre for vidare utgreiing av moglege modellar for regionalt samarbeid for Hardangerkommunane.**

*Rådsordførar orienterte om status ift. saka om Hardangerrådet f.o.m. 2020.*

*Kvam, Ulvik og Eidfjord treng ikkje gjera noko vedtak vedr. vidareføring av gjeldande selskapsavtale. Granvin, Jondal, Odda og Ullensvang må gjennom fellesnemndene gjera vedtak om å vidareføra rettar og plikter for dei gamle kommunane.*

*Styreleiar orienterte rådet om styret sitt fokus og og ansvar som gjeld dei formelle tilhøve knytta til selskapsavtalen og det vidare arbeid med ny selskapsavtale.*

*Det er no naudsynt å restarta prosessen og bruka året 2020 til gjennomføring.*


*Fellesnemnda i Ullensvang kommune skal handsama saka om å overta dei gamle kommunane sine rettar og plikter i sitt møte 14.06.*

*Vedtak i dette møtet vil vera avgjerande for korleis den vidare prosess vil verta.*

*Val av interimstyre vert utsett til etter sommarferien. Eit interimstyre bør bestå av alle ordførarane i det nye rådet.*

**Framlegg til vedtak:**

Interimstyret for arbeidet med vidare utgreiing av moglege modellar for regionalt samarbeid mellom Hardangerkommunane består av ordførarane i medlemskommunane som utgjør Hardangerrådet frå 01.01.2020.



Møtedato 16.09.2019

Saksansvarleg Jostein Eitrheim

**HR-sak 34/19 Plan for arbeid med utforming av strategidokument og selskapsavtale.**

**Sakstilfang:**

**NIVI Rapport 2018:3: Regionråd i Norge**

**Vestland - utfordringar for fylket og for regionane**

**Saksvedlegg:**

**Saksutgreiing:**

Hardangerrådet skal innan utgangen av 2020 ha vedteke nytt strategidokument og ny selskapsavtale.

Arbeidet bør som i forrige runde i 2018 delast slik at Strategidokumentet vert utarbeidd av rådet(ordførarane) eller ei arbeidsgruppe vald av ordførarane, medan ny selskapsavtale vert utarbeidd av styret og lagt fram for rådet for godkjenning.

Det vil vera bra for prosessen om ein vedtek ein tidsplan for framdrifta i dette arbeidet slik at ein kjem i mål i god tid før fristen som er utgangen av 2020.

**Saksvurdering:**

**Framlegg til vedtak:**

Hardangerrådet vedtek slik tidsplan for arbeidet med utforming og godkjenning av ny selskapsavtale og strategiplan for Hardangerrådet:

Hardangerrådet/arbeidsgruppe:	Framlegging av strategiplan	Frist 01.06.2020
Styret i HR:	Framlegging av selskapsavtale	Frist 01.06.2020
Hardangerrådet:	Godkjenning av strategiplan	Frist 30.09.2020
Hardangerrådet:	Godkjenning av selskapsavtale	Frist 30.09.2020
Medlemskommunane:	Godkjenning av selskapsavtale	Frist 31.12.2020



Møtedato 16.09.2019

Saksansvarleg Jostein Eitrheim

**HR-sak 35/19 Hardingtinget 2019.**

- **Endring av dato**
- **Fastsetjing av program**

**Saksutgreiing:**

I møteplan for 2019, vedteken i september 2018 vart Hardingtinget bestemt avvikla i samband med Hardangerkonferansen om føremiddagen før lunsj og konferansestart.


Vi er vorte kjend med at KS Vest-Norge arrangerer konferansar dei same dagane som Hardangerkonferansen. Den 13. november er det Kommunekonferanse/Fylkesmøte/Rådmannsmøte og den 14. november er det konstiuerande fylkesmøte.

Det medfører at dei fleste ordførarar og rådmenn ikkje vil delta på Hardangerkonferansen dette året og det vil såleis heller ikkje liggja tilrette for å gjennomføra Hardingtinget denne dagen.

Rådet vert oppmoda om å drøfta alternativ dato for Hardingtinget 2019 samt tema/agenda for tinget.

**Framlegg til vedtak:**

Sak vert lagd fram utan forslag til vedtak.



Møtedato 16.09.2019	Saksansvarleg Jostein Eitrheim
---------------------	--------------------------------

**HR-sak 36/19 Spleiselag for Turistbåtruta på Hardangerfjorden**

**Saksvedlegg:**

Referatsak frå MISA 05.09.2019 Ny kontrakt for snøggbåtsambandet  
"Turistbåtrute Hardanger"

**Saksutgreiing:**

Hardangerrådet gjorde i møte 14.03.2019 i sak 12/19 slikt vedtak:

**HR-sak 12/19 Turistbåtruta på Hardangerfjorden**  
**Plan for spleiselag. Statusoppdatering i saka vert lagt fram i møtet.**  
Drøfting

Orientering frå administrasjonen vedr. utfordringar frå Skyss ift. spleiselag for å oppretthalda turistbåtruta på Hardangerfjorden.

Ruta bør kunne verta kommersiell på sikt.

Kan vi strekkja oss til å betala 20% av det førespegla tilskotsbehovet på omlag 3 mill?  
Fjord Tours viser til 4 tema som sel denne ruta:

- Vøringsfossen
- Trolltunga
- Sider/sidervandring i Ulvik
- Folgefonna Sommarskisenter

Kva er politisk nivå sitt syn på kor stor lokal andel ein har føreset i vedtaket?

Kan det gjevast garanti for billett kjøp?

Det er kommunane og næringslivet som må løyva beløpet. Omlag 500.000 samla pr. år.

**Vedtak:**

Uttale til Skyss:

Hardangerrådet vil på vegne av kommunane og næringslivet i regionen signalisera ein ambisjon om å bidra i spleiselaget for turistbåtruta på Hardangerfjorden i perioden 2020 - 2024 innanfor ei max-ramme på kr 500.000 pr. år.

Garanti for beløpet krev handsaming i kommune/heradsstyra og det krev derfor noko meir tid. Vi vil koma tilbake med stadsfesting av kommunale vedtak når desse er gjorde.

Kommunane/herada vil ivareta ansvaret for alle kaiar og tilhøyrande fasilitetar også i framtida.

Hardangerrådet oppmodar Skyss om å leggja tilrette for justeringar av ruteopplegg og sesongavgrensingar som kan betra lønsemda i ruta.

I denne saka forpliktar Hardangerrådet/Hardangerkommunane å yta eit tilskot på kr 500.000 i eit spleiselag som er ein føresetnad for å vidareføra denne båtruta for perioden 2020 - 2024.

Første innbetaling til Skyss/Vestland fylkeskommune vert i 2020 og rådet vert beden om å drøfta fordeling av dette beløpet mellom medlemskommunane, Hardangerrådet og næringslivet i regionen.

**Framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

**Notat**Dato: 14.08.2019  
Arkivsak: 2019/2745-11  
Saksbehandlar: ashsand

---

<b>Til:</b>	Utval for miljø og samferdsel Fylkesutvalet
<b>Frå:</b>	Fylkesrådmannen

---

**Ny kontrakt for snøggåtsambandet "Turistrute Hardanger"**

Fylkesutvalet fatta den 06.12.18 følgjande vedtak:

- Turistrute Hardangerfjorden vert vidareført frå 2020, og det vert lyst ut anbod på minimum fermårskontrakt, med ønskjeleg driftsperiode 1. april – 31. oktober, pga forlenga turistsesong.*  
*Det er ønskjeleg med kontrakt som opnar for justeringar tilpassa utvikling av reiselivspakkar.*
- Fylkesutvalet forutset eit spleiselag mellom fylket, kommunane og næringsliv i området.*
- Fylkesutvalet ber om muligheten for å legge inn krav om null eller låguslippsteknologi blir vurdert.*

På bakgrunn av overnemde vedtak og innspel frå marknaden, kommunane og næringslivet i regionen (skissert i meldingssak 23.03.19, RS 40/2019), vart konkurranse kunngjort den 29. mars 2019. Følgjande selskap vart kvalifisert og deltok i konkurransen;

- Norled AS
- Boreal Sjø AS
- Fjord1 ASA
- Rødne AS

Tilboda vart evaluert etter følgjande tildelingskriterium;

Tildelingskriterium	Vekt	Detaljer
<b>Pris – ordinært drivstoff</b>	65 %	«Prisskjema» - Totalbudsjett linje R kollonne Total (celle K22).
<b>Pris – opsjon biodrivstoff</b>	10 %	«Prisskjema Opsjon» - Totalbudsjett linje R kollonne Total (celle K22).
<b>Kvalitet</b>	25 %	Tilbyder skal skildre korleis selskapet vil tilrettelegge for positiv utvikling av ruta og reiselivet i regionen. Ei utviding av bookingsystemet til ein open digital plattform som vil utgjere ein marknadsplass for formidling av produkt og tenester frå andre relevante tilbydarar i Hardanger, vil bli evaluert positivt. Tilsvarende vil ein plan for eit godt samarbeid med kommunar og næringsliv som fremmer utvikling vektleggast.



Det vart gjennomført forhandlingsmøte med samtlige tilbydarar. På bakgrunn av nemnde tildelingskriteria vart kontrakt tildelt og signert med Norled AS i starten av juli 2019.

### **Økonomi**

Det er Norled AS som drifter sambandet i dag og Skyss betaler eit årleg tilskot til selskapet på 6,25 MNOK (2019-kroner). Etter at ny kontrakt vert driftssatt vil Skyss betale eit gjennomsnittleg årleg tilskot på 4,36 MNOK i den ordinære kontaktperioden (åra 2020-2024) og 4,88 MNOK dersom ein inkluderer opsjonsperioden (åra 2025-2026).

Fylkeskommunen sin kostnad vil såleis bli redusert med den nye kontrakten. I tillegg legg ein til grunn at fylkeskommunen sine kostnader vil bli ytterlegare redusert då det er signalisert frå Hardangerrådet at kommunar og næringsliv i området vil bidra økonomisk innanfor ei ramme på 500 000 kr per år.

Det er i kontrakten for «Turistruta Hardanger» lagt inn ein opsjon for fylkeskommunen til å krevje at sambandet skal driftast med biodrivstoff. Eventuell utløyning av denne opsjonen må meldast til Norled innan 1. oktober 2019. Dersom opsjonen vert nytta vil fylkeskommunens gjennomsnittlege årskostnad (inkludert opsjonsår) auke til 6,79 MNOK. På bakgrunn av den krevjande økonomiske situasjonen for fylkeskommunen vil fylkesrådmannen med dette varsle om at ein ikkje har til hensikt å løyse ut denne opsjonen.



Møtedato 16.09.2019

Saksansvarleg Jostein Eitrheim

**HR-sak 37/19 Mitt yrke-unge gründere-serien/ Gründer i Hardanger  
Søknad om støtte**

**Saksutgreiing:**

Adalia Film & Media samarbeider med NDLA, Nasjonal Digital læringsarena som er alle fylkeskommunar si læringsplattform, samt Utdanningsdirektoratets [www.utdanning.no](http://www.utdanning.no)

NRK har sende-rett for 10 år til serien Mitt yrke, og det har alt gått 130 episodar på NRK2 i beste sendetid. Dei sender det dei vil av serien ved behov og til bruk på NRK skole.

Adalia Film & Media søker Hardangerrådet om kr 90.000 som er 50% av budsjett til delfinansiering av film for å setja fokus på unge gründere i regionen.

Hardangerrådet vil få full bruksrett til filmen med ein gong den er ferdig.

**Saksvurdering:**

Hardangerrådet må prioritera å oppfylle inngåtte avtalar som er økonomisk forpliktande framover, t.d. Spleiselag for turistbåtruta på Hardangerfjorden framfor å gje støtte til nye prosjekt som ein ikkje kjenner det regionale utbyttet av.

**Framlegg til vedtak:**

Hardangerrådet avslår søknad frå Adalia Film & Media på kr 90.000 i støtte til filmprosjekt.

## MITT YRKE- UNGE GRÜNDERE



Vi er under produksjon med en serie som viser til spennende arbeidsplasser og yrker. NRK har sende-rett for kringkasting, samt at de bruker serien på [www.nrk/skole.no](http://www.nrk/skole.no). De sender det de vil av serien ved behov.

I tillegg samarbeider vi med NDLA, [www.ndla.no](http://www.ndla.no) som er lærings-plattformen for alle fylkeskommunene. Denne lærings-plattformen brukes i alle videregående skoler daglig. Filmene brukes i alle videregående skoler i landet.

Samt at Kunnskapsdepartementets [www.utdanning.no](http://www.utdanning.no).

Unge og unge voksne er målgruppen.

Vi søker Haradangerrådet om kr. 90.000,- delfinansiering for å sette fokus på unge gründere i regionen.

Fra før av har vi bl.a. gjort opptak med filmer for følgende etater og organisasjoner til serien:

**Helsedirektoratet, UIO, UIT, UIA, UIB, USN, NOKUT, Den Norske Kirke, Forsvarsdepartementet, Klima og Miljødepartementet, Kunnskapsdepartementet, NSF, NGU, NVE, Sjøfartsdirektoratet, Havforskningsinstituttet, Mattilsynet, Arbeidstilsynet, Statens vegvesen, Sametinget, Hordaland Fylkeskommune, Finnmark Fylkeskommune, Hedmark Fylkeskommune, Vest-Agder Fylkeskommune, Norge, Miljødirektoratet og DSB og Norges Rederiforbund,**

**Jernbaneverket, Flere NHO og LO-organisasjoner samt noen kommuner og regionråd og høyskoler.**

Søknaden totalt er på kr. 90.000, halvparten av budsjett.

Håper dere blir med.

Mvh  
Irén Lervik, 907 43 709

Adalia Film & Media

# BUDSJETT



Budsjett til en film i serien Mitt yrke.

BESKRIVELSE	ANTALL	ENHETSPRIS	KOSTNAD
Opptaksteam Digital Betacam	4	kr 18 000,00	kr 72 000,00
Research & synopsis			kr. 20 000,00
Redigering i Digitalbetacamsuite	4	kr 14 000,00	kr 56 000,00
Grafikk	2	kr 10 000,00	kr 20 000,00
			kr
Reise/diett team	3	kr 4 000,00	kr 12 000,00
SUM			kr. 180 000,-
SØKNAD			KR. 90.000,-
SENDERETTIGHETER			KR. 40.000,-
EGENANDEL ADALIA			KR. 50.000,-

Vennlig hilsen,

Irén Therese Lervik, Adalia Film & Media , 907 43 709

